
Saksnr: 2022/6410-6
Saksbehandlar: Elizabeth Jan Warren

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering	41/23	26.04.2023

Kommunedelplan 2022-2025 - kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - offentlig høyring

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at Kommunedelplan 2022-2025 - kultur, idrett og friluftsliv i Alver kommune gjer desse temaa til relevante og synlege deler av den lokale politikken, og kan slik tene som eit førebilete for andre kommunar.

Vestland fylkeskommune meiner at planen sine mål, strategiar og tiltak i hovudsak er i samsvar med nasjonale og regionale føringar på kulturfeltet. Ein saknar likevel ei sterkare regional forankring av planen, jf Regional plan for kultur 2023-2035 «Kultur bygger samfunn».

2. Behov for museumsmagasin må sjåast i samanheng med etableringa av eit nytt fellesmagasin/samlingsssentrum med funksjon for heile Vestland.
3. Vestland fylkeskommune er positiv til at planen har tiltak som adresserer utfordringar som gjeld klima og miljø, og samanhengen mellom kultur, helse og livskvalitet.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering - 26.04.2023

Avrøysting

Avdelingsdirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke i tråd med tillegg til sak.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at Kommunedelplan 2022-2025 - kultur, idrett og friluftsliv i Alver kommune gjer desse temaa til relevante og synlege deler av den lokale politikken, og kan slik tene som eit førebilete for andre kommunar.

2. Vestland fylkeskommune meiner at planen sine mål, strategiar og tiltak i hovudsak er i samsvar med nasjonale og regionale føringar på kulturfeltet. Ein saknar likevel ei sterkare regional forankring av planen, jf Regional plan for kultur 2023-2035 «Kultur bygger samfunn».

3. Behov for museumsmagasin må sjåast i samanheng med etableringa av eit nytt fellesmagasin/samlingsssentrum med funksjon for heile Vestland.

4. Vestland fylkeskommune er positiv til at planen har tiltak som adresserer utfordringar som gjeld klima og miljø, og samanhengen mellom kultur, helse og livskvalitet.

Samandrag

Alver kommune har sendt kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2027 på høyring. Planen ser kultur som ei samfunnsbyggjande kraft, og planarbeidet gjer feltet relevant og synleg i kommunepolitikken. Kommunedelplanen har som målsetting å skape gode, attraktive og levande lokalsamfunn med kultur, idrett og friluftsliv som drivkraft. Planen formulerer ambisiøse mål og strategiar for kulturfeltet dei neste 12 åra.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse (KFO)

Ronny Bjørnar Skaar
seksjonssjef
KFO-kulturutvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kultur som drivkraft høyringsutkast 7.2.23 utsending komprimert 10mb.pdf
- 2 Kultur som drivkraft Handlingsprogram høyringsutkast utsending 7.2.2023.pdf
- 3 Anleggsstrategi Alver kommune høyringsutkast 7.2.2023 utsending.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka gjeld fråsegn til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 i Alver kommune, med frist 11. april 2023. Tre dokument er sendt på høyring: plan, handlingsprogram og anleggsstrategi.

Planforslaget har fått tittelen «Kultur som drivkraft» og gjeld det breie kulturområdet. Planen tek utgangspunkt i kommuneplanens samfunnsdel, som legg fram ambisjonar for kulturfeltet i planperioden.

Dette er ein kommunedelplan med heimel i plan- og bygningslova. Kommunedelplanen er bindeledd mellom kommuneplanens samfunnsdel og økonomiplan, og i handlingsprogrammet vert tiltak i perioden prioritert. Planen legg opp til at nokre felt, som til dømes friluftsliv, kulturarv, kulturskule, ungdomsdemokrati, anleggsutvikling og kunst, vil bli følgt opp med eigne planar og tiltak. Planen skal og gje føringar for komande kommuneplanar sin arealdel.

Planforslaget heng saman med temaplan for friluftslivets ferdselsårer, inkludert ro- og padleled, og arbeidet med kulturmiljøplan for Alver.

Kommentar:

Vestland fylkeskommune vurderer planen ut i frå sitt sektoransvar innafor kulturfeltet og målsettingar i regionale planar. Regionalt planarbeid i Vestland fylkeskommune er forankra i FN sine berekraftsmål. Av regionale føringar kan nemnast: Regional plan for kultur 2023-2035 «Kultur bygger samfunn» (vedteken 15. mars 2023), vedtatt anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Vestland 2020-2024, E-sport strategi og frivilligstrategi for Vestland.

Det er positivt at Alver kommune prioriterer arbeidet med å lage kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv forankra i plan- og bygningslova. Å sjå kultur som ei samfunnsbyggjande drivkraft gjev feltet tyngde i kommunepolitikken. Ei slik satsing er viktig i arbeidet med å utvikle gode, attraktive og levande lokalsamfunn.

Planen formulerer ambisiøse mål og strategiar for kulturfeltet dei neste 12 åra. Den er og eit utgangspunkt for vidare kommunale satsingar på ungdomsdemokrati, musikkterapi og kunst. Det sterke fokuset på kulturen sin rolle i berekraftarbeidet er relevant og framtidretta. Her kan planen tene som førebilete for liknande planar i andre kommunar.

Nasjonal og regional forankring og berekraftsmål

Kommunedelplanen viser til nasjonale hovudmål, jf kulturlova og andre relevante statlege dokument og med detaljert liste over kjelder og føringar. Planen vektlegg og FN sine berekraftsmål, og trekker til dømes fram berekraftsmål 2 - god helse, 5 - likestilling mellom kjønna, 10 - mindre ulikskap, 11 - berekraftig byar og samfunn, 12 - ansvarleg forbruk og produksjon, 16 – fred, rettferd og velfungerande institusjonar og 17 - samarbeid for å nå måla som førande.

Kommentar:

Det kommunale ansvaret som følgjer av kulturlova er framheva i planen. Planen kunne med fordel hatt ein sterkare regional forankring ved å referere til Utviklingsplan for Vestland og «Kultur bygger samfunn», regional plan for kultur 2023 – 2035, som vart vedtatt i mars i år.

Kunnskapsgrunnlag og medverknad

Planarbeidet er basert på eit omfattande kunnskapsgrunnlag med utgangspunkt i lokale data: Ungdata, barnefamiliepanelet, folkehelseundersøkinga, kulturindeksen og idrettsindeksen. I tillegg gjennomførte kommunen ei undersøking i 2019 der 1000 respondentar svarte på spørsmål knytta til deltaking, frivilligheit, tilfredsheit, transport og motivasjon.

Planen dreg også god nytte av arbeidet med kommunesamanslåing og etablering av Alver kommune, arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplanane for oppvekst og for helse og omsorg.

Kommunen ser behov for eit grundig analysearbeid som grunnlag for å utvikle målretta tiltak for å motverka sosiale, økonomiske, kulturelle og andre barrierar slik at alle til å ta del i i kulturlivet.

Alver kommune viser god forståing av aktuelle utfordringar i kulturfeltet. Hovudfunn frå arbeidet med kunnskapsgrunnlaget og frå medverknadsprosessane er brukt flittig gjennom heile planen for å utforma tiltak, mål og delmål. Kommunen vil arbeide for å sikre oppdaterte tal framover for justering og rullering av plan og tiltak.

Strategi, vegval og delmål

Planen sorterer delmåla og strategiane frå samfunnsdelen i fire overskrifter med kvar si liste av vegval og delmål (side 8 i planen):

1. Kultur og idrettskommunen
 - I Alver skapar, opplever og deltek vi aktivt i lokale kultur- og idrettstilbod
 - Kultur, kulturmiljø og kulturarv vert nytta som ein ressurs for berekraftig samfunnsutvikling
 - Alver er eit attraktiv reisemål
 - Næringslivet i Alver er mangfaldig og konkurransedyktig
2. Møteplassar og aktivitet
 - I Alver har vi gode møteplassar for kultur, idrett og fysisk aktivitet
 - Vi har levande bygder med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommune
 - Innbyggjarane i Alver har ein meningsfylt og aktiv kvardag
 - I Alver nyttar vi naturen, sjøen og kysten til fritid og rekreasjon
 - Nye tilbod er i stor grad lokalisert i sentera
 - Knarvik er eit senter med attraktive tilbod, arenaar og møteplassar for heile regionen
3. Inkludering, mangfald og livssyn
 - Frivillig sektor i Alver er mangfaldig og sterk
 - Barn og unge har ein trygg oppvekst
 - Innbyggjarane i Alver har tenester tilpassa sine behov
4. Dei store spørsmåla
 - Alver har kulturhus og svømmehall i regionsenteret
 - Alver er eit klimavennleg samfunn og rusta til å møte eit klima i endring
 - Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap og friluftsområde

Følgjande tema/fagområde vart presentert kvar for seg: idrett, friluftsliv, musikk, kulturarenaer og kulturhus, scenekunst, film og litteratur, kunst, kulturnæring og profesjonell kultur, publikumsutvikling og arrangement, kulturarv, Alver kulturskule, Alver bibliotek, ungdom, barnekultur, kultur for seniorar og eldre, inkludering og mangfald, livssyn, frivilligheit, klima og miljø.

For kvart fagområde er det en gjennomgang av situasjonen basert på kunnskapsgrunnlaget og medverknadsarbeidet, og ei drøfting av framtidig satsingar.

Kommentar:

Overordna vegval og delmål er ambisiøse. Dei er i tråd med prinsipp for sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. Dei er også i tråd med regionale og nasjonale forventningar og er basert på grundig kunnskapsinnhenting og medverknad. Planen gir godt og detaljert greie for kvifor og korleis kommunen skal satse på kulturfeltet.

Handlingsprogram

Handlingsprogrammet er kopla til planen sine mål og vegval. Dei fire overskriftene er delte inn i aktivitetar og tiltak. I tillegg er det vist årstal for oppstart, føresetnader for og kva fagområde som er involvert i kvart tiltak.

Kommunen vil prioritere tiltak som er modne for gjennomføring i dei to første åra, mens tiltak som treng vidare avklaringar når det gjeld økonomi, ressursar og samarbeid, skal vurderast seinare. Handlingsprogrammet skal rullerast kvart år og knytast til økonomiplanen. Handlingsprogrammet reflekterer satsingane i planen, og det er klare koplingar mellom mål, tiltak og økonomi.

Anleggsstrategi

Det er eit krav for tildeling av spelemidlar at ein har ein politisk vedteken prioritert handlingsplan for etablering eller rehabilitering av anlegg. Anleggstrategi for Alver er oppdatert, justert og er også på høyring.

Kommentar:

Vestland fylkeskommune saknar rehabilitering av Meland Golfbane i 2024 i anleggstrategi og ber om at dette vert tatt med.

Kommentar til kvart tema/fagområde

Idrett

Idrett er Alver sitt største aktivitet med over 9000 medlemmar i 38 idrettslag. I Alver er det færre barn og unge som deltek i organisert idrett, særleg i aldersgruppa 6-12 år, samanlikne med andre kommunar. Planen tek til orde for ei jamnare kjønnsfordeling bant dei aktive. Nordhordland ligg under fylkesgjennomsnittet når det gjeld deltaking i eigenorganisert aktivitet. Ved utvikling av nye aktivitetsanlegg, skal fleirbruk/ kombinasjonsbruk med kultur prioriterast. Kommune har ei god oversikt og tatt gode grep for å prioritere handlinga framover. Det er veldig bra med fokus på nytt symjehall i Knarvik (Alverbadet) ettersom det er godt dokumentert at tilbodet er sakna i kommunen. Etter vår syn, og basert på nøkkelfunn, bør etablering av ein til basishall i kommunen vert priortert. I tillegg rår vi til at kommune har ein meir bevist satsing på jenter i idrett i handlingsprogrammet.

Friluftsliv

Fotturar i nærmiljø er den mest populære aktiviteten i Alver. Alver har ambisjonar om å etablera seg som ein attraktiv stad for ikkje-motorisert ferdsel og aktivitet til sjøs i planperioden. I planforslaget peikast det på fleire mål og ambisjonar innan friluftslivsfeltet som er følgt opp gjennom tiltak i handlingsprogrammet som bygger opp under måla. Mange av tiltaka er oppfølging av plan for friluftslivets ferdselsårer og vidareføring av arbeidet med ro- og padleruter. Kartlegging og gradering av padleruter (og evt. utsetting av infotavler om ro- og padleruter) kunne vore eit eige punkt i handlingsprogrammet. Det er Bergen og Omland friluftsråd som gjer denne jobben på vegne av kommunen.

Musikk

Alver har eit variert og samansett musikkmiljø der særleg korpsmiljøet har utmerke seg nasjonalt og internasjonalt. I Alver deltek mange i fritidsmusikktilboda og det finnes framtrekande musistar, komponistar, songarar og dirigentar. Samtidig har Alver under snittet av musistar og komponistar busett i kommunen. Utfordringsbildet peiker på manglande øvings- og framsyningsarenaar. Tilbodet er i lite grad differensiert og inntektsgrunnlaget for næringsdrivande musistar og instruktørar er svak. Tilbod for eigenorganisert musikkaktivitet manglar i stor grad i Alver. Blant tiltak vil kommunen i samarbeid med Vestland fylkeskommune og nabokommunane starte prosessen for å opprette distriktsmusikarstilling med særskild messingkompetanse.

Kulturarenaer og kulturhus

Alver har få kulturanlegg og arenaar. Det er særleg øvings- og produksjonslokale og ein større produksjonssal og kulturhus med regional funksjon som manglar. Utfordringa skal løysast gjennom mange mindre tiltak i samspel med lokalsamfunn, aktørar og organisasjonar ved å kombinera fleire aktivitetar der det er mogleg, god sambruk og utvikle dei mindre kulturarenaer til scenekunst og dans.

Planen peikar på eit mogleg samarbeid med fylkeskommunen om realisering av regional funksjonar innan kultur i eit felles prosjekt med den framtidige vidaregåande skulen på Knarvik. Erfaringar frå slike samlokaliseringar m.a. frå Eid, Firda og Åsane viser at dette kan være ein god modell som tener begge partar. Det er naturleg at Vestland fylkeskommunen er open for dialog med Alver kommune om dette.

Scenekunst, film og litteratur

I Alver er det eit aktivt scenekunsthelt gjennom kulturskule og spel- og revyag. Alver skal støtta aktivitet innan teater, revy og scene og styrke dramatilboda i kulturskule. I planperioden vil Alver samarbeida med dei regionale nynorske teatera for å skapa fleire produksjonar tilpassa eksisterande sceneinfrastruktur

Dei siste åra har Alver kulturskule hatt stor pågang innan dans og utvida tilbodet sitt for barn. I planperioden vil kommune jobba for å få eigna lokale for dans i kulturskule, koreografar og dansegrupper. Alver manglar regulær kinodrift og er avhengig av tilbod i Bergen. Alver ser at dei har ein utviklingspotensiale i det lokale tilboda. Alver vert nytta som område for innspeling av film og TV og dei skal aktive legge til rette for produksjonar.

Alver skal leggje til rette for at nye og etablerte forfattarar og lyrikarar kan utvikle seg gjennom tiltak som å halda samtaler, skape møteplassar for lesing og skrivning, tilby skrivekurs, skaparverkstadar og teiknekurs og oppretthalde støtteordningar for forfattarar og utgjevingar. Historiefortellingjar som tek utgangspunkt i Alver som område vert støtta.

Kunst, kulturnæring og profesjonell kultur

Det vert rekna som viktig at kommunar har ein medvite politikk for det profesjonelle kunstfeltet og kunstnarar. Kunstpolitikk gjeld både om å utvikle gode vilkår for profesjonelle kunstnarar som kan arbeide og bu i ein kommune, og å utvikle strategiar for korleis innbyggjarane skal kunne oppleve og møte kunst. Det ligg også eit næringspotensiale, m.a. turisme i den profesjonelle kunsten og kunstnarane. Fylkeskommunen ser også på utsmykking og kunst i offentleg rom som viktig. Alver tar dette på alvor og skal utarbeida eit kunststrategi, har eit prosjekt om gatekunst/utsmykking av offentleg bygg med næringsliv, og etablere fast andel til kunst i kommunale investeringar.

Planen har eige punkt om å utvikle kulturnæringar og støtte opp om profesjonell kultur. Alver skal arbeida med andre kommunar for å minske kulturlekkasje (fråflytting), utvikle ordningar for kulturnæringane, særleg med omsyn til enkeltpersonsforetak, nytta seg av lokale kultur- og reiselivsnæringar og inkludera kulturnæringane som aktiv part i utvikling av kulturfeltet. Internasjonalt samarbeid og prosjekt er også ein arbeidsmåte kommunen ser kan styrke kulturnæringa.

Publikumsutvikling og arrangement

Alver har fleire store arrangement med lange tradisjonar som er svært synlege og av høg kvalitet Knarvikmila har i 40 år stått for eit av landets største løpsarrangement og har aktivitet heile året. I tillegg er arrangør som Mangerfestivalen, Kvernbit Cup og Manger Cup viktig for barn og unge. Arrangør som Hordbø IL, Lindåsfest, Musikkens Venner, mållaga og Meland jazzkafe regelmessige arrangement av høg kvalitet som er godt besøkte. Nynorskdagane også er eit godt utgangspunkt for eit vidare satsing.

Kulturarv

Alver har ein rik og mangfaldig materiell og immateriell kulturarv. Planen skisserer dei ulike aktørar og kva rolle dei har innafor kulturminnevernet på ei god måte. Dei trekker fram private eigarar, frivilligheita, kulturverntenesta i Nordhordland, kommuneadministrasjonen og musea som viktige aktørarar. Alver har starta arbeid med eigen temaplan for kulturmiljø som er på ein meir detaljert nivå. Fylkeskommunen har gitt innspel til oppstart av dette planarbeid i brev av 08.01.2023. Fylkeskommunen vil understreke at det er viktig å sette av nok ressursar til dette omfattande arbeidet i økonomiplanen.

Museumssenteret i Hordaland med avdelingane Lyngheisenteret og Vestnorsk utvandringssenter har utviklingsplanar knytt til nye formidlingslokale. Musea er viktige kulturinstitusjonar og partnarar

m.a. for tilbod til barn og unge. Drifta er under press, og for å sikra brei finansiering til nye tiltak og drift skal Alver fortsett bidra med delfinansiering.

Kulturhistoriske gjenstandar står i ein svært sårbar situasjon. I planperioden ynskjer kommunen å løyse utfordringane i samarbeid med fylkeskommunen og Museumssenteret i Hordaland, og sjå etter tomt for større regionalt fellesmagasin i Alver.

Radøy og Meland kommunar har tatt i mot fleire privatarkiv og bildesamlingar. Det er positivt at kommunen skal etablera ein arbeidsstrategi for privatarkiv, som òg skal avklåra korleis kommunen skal forhalda seg til nye innleveringar. Vestland fylkeskommune er i gong med ein felles bevaringsplan for privatarkiv. Hovudføremålet med den er å sikre ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Dei gamle kommunane i Alver har vore bidragsytarar til innsamling av privatarkiv i regionen, og det er viktig at Alver kommune har ein bevaringsstrategi for privatarkiv som harmoniserer med bevaringsplanen – gjerne i samarbeid med ein bevaringsinstitusjon.

I Alver kommune er det stort sett musea og frivillige organisasjonar som har tatt ansvar for bevaring av ulike former for immateriell kulturarv. Sogelag og mållag har gjort ein stor jobb med å samla inn og dokumentere historier, segn, ord, uttrykk og stadnamn. Einskildpersonar som Arne Bjørndal, Kjersti Wiik og Linda Røyseth Sandhåland har samla og gjeve ut folkemusikk frå Nordhordland. Nordhordland husflidslag har dokumentert og formidla gamle handarbeidsteknikkar. Haakon Aase har løfta fram lokalt tradisjonsmurhandverk til eit nasjonalt nivå, og navarsmedane på Holsnøy representerer 200 år med handbåren kunnskap. I planperioden skal kommunen støtta tiltak som samlar inn, dokumenterer og formidlar kunnskap om lokal, immateriell kulturarv, og eksponere desse for nye generasjonar. Skular og barnehagar skal sikrast tilbod og kunnskap om lokal tradisjonskultur. I Vestland er det etablert ein samarbeidsarena for arkiv og museum med tradisjonsmusikk og immateriell kulturarv der alle folkemusikkarkiva i fylket deltek.

Kommentar:

Det er passende at planframlegget har sterke perspektiv på arbeidet med kulturarven. Avdelingsdirektøren vil likevel vise til den vedtekne regionale museumspolitikken. Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland oppbevarer kulturhistoriske gjenstandar frå musea i etablert fellesmagasin i Salhus. Vestland fylkeskommune ser behovet for etablering av nytt og større fellesmagasin. Dette er ein pågåande prosess der fylkeskommunen og dei konsoliderte musea i Vestland har kartlagt behovet, men det er førebels ikkje teke stilling til finansiering og plassering av nytt fellesmagasin. Evt behov som ein finn i Nordhordland må difor sjåast i samanheng med etableringa av eit nytt fellesmagasin/samlingssentrum med funksjon for heile Hordaland.

Alver kulturskule

14 % av barn og unge deltek i kulturskulen i Alver. Samstundes spelar kvart fjerde barn eit instrument i vår region. Kulturskulen skal strekka seg etter 25 % deltaking i løpet av planperioden. Kommunen skal bruke kulturskulen som ramme for eit kompetansesenter for kunst og kultur i Alver. Kulturskulen skal vera ein pådrivar for den sterke korpsrørsla i kommunen og syte for erfaringsutveksling og inspirasjon mellom laga og dei ulike kompetansemiljøa.

Lokal tradisjonskultur skal vere ein naturleg del av undervisningsåret, gjennom samarbeid med tradisjonsbærarar og komponistar/arrangørar.

Kulturskulen skal ha eit tett samarbeid med grunnskular og barnehagar, om tilbod i SFO-tida, lokale og informasjon til alle heimar i Alver. Kulturskulen skal ta aktivt del i Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken, og etablera tilbod etter Fargespillmetodikken. Rabattordningar og friplassar skal sikre brei deltaking på tvers av bakgrunn, for å forebygge utanforskap.

Alver bibliotek - demokratihusa

Alver har fire bibliotek og ein bokbuss, som er lokalsamfunna sine møteplassar for kunnskap, samtale, formidling og litteratur. Besøktala for biblioteket er lågare enn gjennomsnittet, men har store geografiske variasjonar. I planperioden skal kommunen auke besøktala der dei er låge og vidareutvikle der dei er gode.

Kommunen vil satse på gode, tilgjengelege lokale som kan utviklast vidare med nye og gode tenester. For å få dette til skal både biblioteka på Frekhaug og Manger bibliotek inn i nye, tilpassa og moderne lokale med meirope opningstid for eit styrka tilbod. Ved realisering av regionalt kulturhus skal dette inkludere nytt bibliotek.

Bokbussen er i slutten av levetida si og må fornyast. Tilbodet er avgjerande for skular og barnehagar, og gir folk i heile kommunen høve til å bestille bøker til plassar nært seg. Kommunen vurderer anskaffing av utsleppsfri bokbuss i lag med samarbeidande kommunar i planperioden.

Biblioteket skal vidare satsa på mangfald, inkludering, varierte og tilpassa tilbod til innbyggjarane, og motverke sosial ulikskap. Tilbod som utlån av datamaskinar, utskriftshjelp, verkstader, språkkafe og tilgang på aviser vil vere sentrale. Biblioteket skal vere ein viktig møteplass for alle uansett inntekt. Alver bibliotek skal på berekraftskartet og arbeide vidare for å dele kunnskap, material og lokale. Vi skal satse målretta på arrangement innan berekraft, skaparverkstadar, samtale og debatt i lag med det gode formidlingstilbodet. Biblioteket skal inngå samarbeid med næringslivet om skaparfestival og liknande tiltak, med mål om å rekruttere ungdom til yrkeslivet i Alver.

Ungdom

Ungdomstilbodet har tradisjonelt stått i spenn mellom to utgangspunkt: det sosialfaglege og det kulturfaglege, og vektinga har endra seg over tid. Gjennom gratisprinsipp og ei ålmenn tilnærming, legg dei til rette for inkluderande og kvalifiserande kulturmøteplassar, med aktivitetar, arrangement, musikk, gaming, film, workshops og kurs. Alver har høgaste deltaking i ungdoms- og juniorklubbar i fylket, 19 % av dei under 15 år deltek jamnleg. Klubbane har brei deltaking og treff aller høgast i låg- og mellominntektsfamiljar.

I planperioden har kommunen mål om meir opningstid i klubbane, meir opne hallar og ferieaktivitetar. Dei skal fokusera på arenaar og stader der ungdom er etter skuletida, i lokal- og kommunesenter.

Kring 1 500 ungdommar oppheld seg kvar ettermiddag i Knarvik. Det er prioritert å realisera eit klubb- og møteplasztilbod i kommunesenteret tidleg i planperioden. Ungdomstilbod skal inn i eit regionalt kulturhus. Ungdomsklubbane skal styrkast som arenaar for sosial gaming, og samarbeide med e-sportaktørane.

Barnekultur

Barn treng trygge kulturarenaar, der dei kan uttrykke seg i lag med andre på eigne premiss. I planperioden skal kommunen styrke innsatsen for teater, litteratur, film, spel og musikk for barn gjennom inkluderande aktivitetar og verkstadar i biblioteka, satsing på juniorklubbar, barneframsyningar i kulturlokala og breitt samarbeid. Kulturskulen skal vidareutvikla tilboda til barn under grunnskulealder.

Den kulturelle skulesekken (DKS) skal vere eit sentralt verktøy i kommunen sitt arbeid for kulturtilbod til barn i skulane. Samstundes er det eit tydeleg behov i barnehagane for eit liknande tilbod som Den kulturelle skulesekken gir. Erfaringar frå einskilde kulturprosjekt i Alver sine barnehagar er svært positive, og Alver skal etablere ein kulturell beremeis i planperioden. Dei skal derfor rullere DKS-planen til ein ny strategi, i lag med beremeis- og spaserstokktilboda. Det er positivt at Alver kommune ser kulturtilbodet til born og unge i eit større og totalt perspektiv ved at dei mellom anna etablerer ein kulturell beremeis. Dette er i tråd med den nasjonale måla for DKS som mellom anna seier at DKS skal bidra til å formilde kunst- og kulturtilbod til barnehagebarn.

Nye forvaltningssystem for DKS gir forsterka høve til breie og gode kommunale tilbod. Dei vil difor utgreie kva det vil bety for dei å verte direktekommune.

Kultur når det vert fleire seniorar og eldre

Berre 40% av aldersgruppa 60-75 år er nøgde med kulturtilboda. Seniorane har behov for sosiale arenaar, gode kulturtilbod og aktive kvardagar. Mange har god helse, tid og høve til å vere aktive og bidra i lokalsamfunna sine. Denne ressursen ønskjer kommunen å nytte, utvikle og legge til rette for i planperiode.

For å sikre dette skal Alver kommune arrangere tilpassa konsertar og kulturopplevingar på ulike arenaer, både i og utanfor institusjonane, i samråd med brukarar og aktivistar. Den kulturelle spaserstokk-ordninga (DKSS) er underfinansiert samanlikna med behovet, og i planperioden skal Alver jobbe for å få auka finansiering lokalt og eksternt.

Musikkterapisenter/Kultur- og helsesenter

Kommunen vil prioritere å samla ressursane innan kultur og helse til eit fellesskap gjennom eit musikkterapisenter. Musikkterapi er eit kulturskuletilbod utan øvre aldersgrense og femnar om elevar med svært ulike utfordringar og diagnosar. Kulturskulen skal samle innsatsen i regionen og bygga opp eit senter for musikkterapi. Dei skal sikre eit aktuelt og terapeutisk tilbod som baserer seg på ny forskning og nye bevegelsar i tida. Som ein del av dette vil kommunen sjå etter høve for å opprette eit demenskorttilbod i Alver. Det er fint å sjå korleis kommunen sett DKSS i samheng med eldrepolitikken, og at dei ønskjer å treffe personar i målgruppa både i og utanfor institusjon.

Kommentar: Å samle og koordinere tenester er noko som ein har påpekt sida samhandlingsreforma (st. meld. Nr. 47, 2008-2009), og går og igjen i Leve heile-livet-reforma (Meld. St. 15, 2017-2018) og ei utfordring den kommande Bu trygt heime-reforma peiker på som regjeringa kjem med til hausten. WHO har i ein rapport peikt på at kultur- og helsesektoren bør samarbeide meir for i større grad å nytte effekten kultur har på helse og livskvalitet. Det er positivt å sjå at kommunen organiserer ein kultur- og helsefagleg infrastruktur som vil kome brukarane til gode.

Vestland fylkeskommune er med i Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi, gjennom partsamarbeid Vestland. Det er vedtak frå fylkestinget (PS 13/2021) 9. mars 2021 der "Fylkeskommunen kartlegg interessa for deltaking i partssamarbeidet blant alle kommunane i fylket". Deltaking i klynga gir eit godt fagleg miljø, noko som kan gi kommunen tilgang til dette og gode nettverk når dei ønskjer "terapeutiske tilbod som baserer seg på ny forskning og nye bevegelsar i tida".

Inkludering og mangfald

Alver har fleire tiltak for å auka deltakinga frå minoritetsgrupper, særleg knytt til busette flyktningar. I planperioden skal Alver styrke og utvide desse perspektiva, i samarbeid mellom frivilligheita, kyrkjesamfunn, kommunale tenester og frivilligsentralane. Migrasjonsperspektivet hos Vestnorsk utvandringssenter skal nyttast som ressurs. Dette knytter saman lokal historie med dagens utfordringar.

Frivilligsentralane er viktige møteplassar mellom busette flyktningar og innvandrarar, og lokal frivilligheit. Her fokuserer ein på mellommenneskelege møte og tiltak der innvandrarar sjølv går inn som frivillige. Ved å inkludera innvandrarar i utforminga av desse tilboda kan dette gje grunnlag for vidare deltaking i andre ordinære aktivitetar.

Alver skal senke tersklar for deltaking i kultur, idretts- og fritidstilbod, og tilrettelegge gjennom forenkling og digitalisering. Dei skal jobba i lag med kultur- og organisasjonsliv for å bidra til at barn og unge med funksjonsnedsetting kan delta på fritidsaktivitetar.

Dei ønskjer å sikre at menneske med nedsett funksjonsevne får tilgang til eit relevant og godt kultur- og aktivitetstilbod, gjennom tettare samarbeid mellom kommunale tenester og frivilligheita.

Livssyn

Alver har eit rikt mangfald av trus- og livssynssamfunn og høg deltaking. Mange deltek òg i ulike samfunn i Bergen. Kyrkja og dei ulike trus- og livssynssamfunna har mange frivillige, som gjer ein stor innsats for livssynsfeltet, og som sørger for at samfunna og kyrkja kan vere gode kulturarenaar og møteplassar. Kyrkjene er viktige for lokal kunst og kultur, og ein tydeleg del av kulturarven. Mange har god nytte av eit rikt kulturliv i trus- og livssynssamfunna, gjennom seremoniar, forsamlingar og arrangement. Alver støtter kunst- og kulturaktivitetar i trus- og livssynssamfunna, og utviklinga av lokala som vert nytta til opne aktivitetar. I Alver er kyrkjene ein viktig del av den kulturelle infrastrukturen.

Frivilligheit

Det er over 600 lag og organisasjonar registrert i frivilligportalen til Alver kommune. Det er ei gradvis endring frå medlemsbasert til oppgåvebasert frivilligheit, slik som i store deler av landet. Mange frivillige organisasjonar slit med rekruttering og senkande aktivitet. Alver har relativt sterk frivillig deltaking. Dei tre frivilligsentralane i Alver skal vere fagressurs for frivilligheit og koordinere behov og moglegheiter i samarbeid med koordinatorfunksjonar i ulike kommunale tenester. Kommunen vil legge til rette for ny og auka aktivitet og bygge opp under og samordne frivilligheita. Fylkeskommunen ser det som positivt at kommunen skal lage sin eigen frivilligstrategi for å få dette til.

Klima og miljø

Kommunen har fleire tiltak som adresserer utfordringar for klima og miljø innan dei breie kulturfeltet.

Transport til fritidsaktivitetar er ei stor utfordring. Kollektivtilbodet er i liten grad tilpassa fritidsaktivitetar. 80% bruker bil til og frå aktivitetane til tross for at 40 % av innbygarane bur i tettstader med fortau/gangveggar mellom bustadområde og aktivitetsanlegg. Kommunen skal jobbe med næringsliv og frivilligheita for at fleire skal gå, sykla og ta buss til og frå aktivitetane gjennom felles bevisstgjerung og satsingar i lag med det organiserte fritidstilbodet. Satsing på samkjøring er og en måte å få ned bilbruken til fritidsaktivitetar.

Ved å dele, gjenbruke og tilgjengeleggjere skal kultur- og idrettsfeltet bidra til å redusere klimaavtrykk og -utslepp. I planperioden skal kommunen vidareutvikle deling av utstyr og materiell i Alver, i eit samarbeid mellom næringsliv, frivilligheita, utstyrssentralar, frivilligsentralar og bibliotek. Vidare skal kommunen fokusere på kompetanse, tilgjengelege verkstadar og tilgang til delbare framkomstmiddel.

Kommunen skal sikra ei grønare anleggsutvikling, der anlegg for idrett og friluftsliv ikkje skadar ytre miljø og natur, og at klimautsleppa vert minimert. Kommunen skal ta vare på anlegga og sikra eit godt vedlikehaldsnivå, og vere bevisst på urørt natur som ein verdi for friluftslivet.

Kommunen skal fremje Nordhordland biosfæreområdet og bruk av lokale ressursar som stein, ull, utmark og tre, til å skape ny verksemd, produkt, kunst og internasjonale berekraftsperspektiv. Fylkeskommunen ser dette som eit interessant, nyskapande arbeid.

Kommunen skal sjå etter og utnytte ubrukt bygningsmasse til aktivitet, også på mellombels basis, for å sikre god ressursutnytting. I tillegg vil kommune skal fremje rehabilitering og gjenbruk av eksisterande bygg framfor riving og nybygg, og utvikle tiltak som fremjar gjenbruk av bygningsdelar. Ved vurdering av miljøvenlege rehabiliteringstiltak på bygg skal ein ta omsyn til kulturelle og historiske verneverdiar.

Vedtakskompetanse

Delegeringsreglement er uklart om kven som har vedtakskompetanse for høyringar av temaplanar frå kommunane. Dette gjeld anten dei er uforma etter Plan- og bygningsloven eller ikkje.

Delegeringsreglement vart endra desember 2022.

«I følge delegeringsreglement er det fylkesdirektøren som har mynde til å gje uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsdel §11-14 Lov om planlegging og byggesaksbehandling.» jf side 98.

Følgjande punkt vart *ikkje* endra desember 2022:

«I følge delegeringsreglement er det hovudutval for kultur, idrett og inkludering som innan sitt saksområde gir uttale om regionale interesser i kommunale planar som ikkje er heimla i plan- og bygningslova, jf. pkt. 3 siste kulepunkt, s. 19.»

Dette er ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova som er på høyring. Dette er høgare i planhierarkiet enn ein temaplan.

Avdelingsdirektør konkluderer at saka handsamast av hovudutval for kultur, idrett og inkludering.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Planarbeidet får ikkje direkte økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen. Tiltak og satsingar kan føre til kostnader for fylkeskommune, men dette vert konkret vurdert i samband med årsbudsjett og økonomiplan og søknader om tilskot. Ein planmessig tilnærming til arbeidet innan kultursektoren kan føre til innsparingar og effektivisering gjennom samkøying av regionale og lokale prioriteringar på feltet.

Klima:

Planen har eit gjennomgåande fokus på klima og miljø innan det breie kulturfeltet. Nokre av tiltaka og satsingane i planen vil kunne bidra til å redusere klimagassutsleppa.

Folkehelse:

Planen omhandlar tema som i stor grad er med på å styrke deltaking, forhindre utanforskap, gi betre helse gjennom deltaking i kulturliv og gode opplevingar og tilrettelegging for fysisk aktivitet. Integrering og inkludering og barn og ungdom er fokus i planen.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv for Alver kommune er tufta på FN sine berekraftsmål og konkretiserer mål og strategiar i utviklingsplanen for Vestland på lokalnivå. Dette gjeld særleg Mål 1 - Vestland som det leiande verdiskapingsfylket, Mål 3 – Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv og Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping. Satsingar i regional plan for kultur får ei god og grundig forankring lokalt i Alver kommune gjennom planen . Planen tek opp eit breitt utval av ulike samfunnsoppgåver knytt til å skape, oppleve og delta og er eit grunnlag for kommunen til å utvikle god tenester innan kultur, idrett og friluftsliv.